

## NOTAT

### Sak: 52/2018: Rekruttering av psykologar til kommunar i Nordhordland

#### Bakgrunn:

Stortinget vedtok 8. juni 2017 at alle kommunar innan 2020 skal ha **psykolog som ein del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta**, og at kommunane skal ha tilsett kommunepsykolog frå 1.januar 2020. sjå: <https://www.napha.no/content/13930/Psykologer-i-kommunene>

Fleire av kommunane i Nordhordland har til no hatt vanskar med å rekruttera kommunepsykolog, og dersom ein lukkast med å tilsette psykolog, er erfaringa ofte at desse ikkje vert verande lenge i stillingane.

Årsakene til dette kan vera mange. Ei av dei, som fleire psykologar fortel, er at kommunane ikkje har eit utdanningstilbod for spesialisering slik som spesialisthelsetenesta kan tilby. Det å arbeida som einaste psykolog i ein kommune kan også vera utfordrande.

Helsetenestene i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen hadde i april i år eit fellesmøte der ein drøfta fleire av tenestetilboda i kommunane, og om ein kunne utvikla nokre av desse saman. Masfjorden kommune fekk eit oppdrag med å utgreie moglege løysingar for å betra rekrutteringa av psykologar til kommunane.

I dette arbeidet har ein innhenta kunnskap og erfaringar frå andre kommunar og regionar. Mellom anna har kommunane i Hallingdal utarbeidd ein rapport om samarbeid om psykologstillingar kommunane seg i mellom. (Sjå vedlegg). Det syner seg at utfordringane for Hallingdalskommunane er dei same som for Nordhordlandskommunane, med manglande rekruttering og kortvarige tilsettingar.

Masfjorden kommune har på venge av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen og Modalen drøfta saka med Psykologforeningen, Helsedirektoratet og Helse Bergen. Både Psykologforeningen og Helsedirektoratet ser med interesse på at desse kommunane no ser på ulike løysingar for rekruttering av kommunepsykologar - ettersom dei også ser utfordringane som kommunane vil få frå 2020. Psykologkompetansen er sentral både for planarbeid, førebyggjande arbeid og for behandlingstilbodet i kommunane.

Helse Bergen støttar arbeidet og ser det som viktig at kommunane har god fagleg kompetanse innan psykisk helse. Det er med bakgrunn i dette starta ein dialog med Helse Bergen, Bjørgvin DPS avd. Nordhordland for å drøfta moglege løysingar om korleis ein saman kan utvikla modell for psykologstillingar som kan betre rekrutteringa av psykologar til regionen.

Ein modell som har vore omtala er "hybride" psykologstillingar kommune/spesialisthelseteneste der spesialisthelsetenesta har ansvar for utdanningstilbodet. Eit mål kan vera å prøva ut ein modell av dette når Nordhordland Helsehus står klart.

Kravet om psykologar i kommunane gjeld alle kommunane. Ein antar at utfordringar med å rekruttera og behalda nødvendig psykologkompetanse i kommunane vil gjelda alle kommunane i Nordhordlandsregionen.

Det bør derfor vurderast om vidare arbeid med forprosjekt og planlegging av modell for å prøva ut ei løysing i samarbeid med Helse Bergen skal involvera alle kommunane i regionen, og at det skal planleggjast for ei pilotering av modell når Region Nordhordland Helsehus står klart.

**Plan for vidare arbeid - haust/vinter 2018/2019:**

- Forankra vidare arbeid inn mot Utval for helse og omsorg(Helseutvalet) og Samarbeidsutvalet for Nordhordland.
- Setja ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeida eit forprosjekt som skisserer løysingar og modell til pilotering.
- Presentera plan og skisse til prosjekt for Helsedirektoratet og andre i ein prosess for å sikra finansiering.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet er positive til initiativet og ber om at alle kommunane i Region Nordhordland blir tatt med i vidare arbeid.

Regionrådet sluttar seg til oppstart av forprosjekt slik det er presentert og at det vert søkt om midlar til utprøving av modell for rekruttering av psykologar til kommunane.

Regionrådet ber Utval for helse og omsorg følgje opp saka og setje ned ei styrings- og arbeidsgruppe for prosjektet.